

# Årsmelding og rekneskap



VØR

Sortert avfall gir verdi!

2015

# STYRETS ÅRSMELDING 2015

2015 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 27 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunane.

## *Abonnementfordeling:*

Kommune	Hushaldningar og fritidshus	Slam
Ørsta	4836	1069
Volda	4167	548
Sum	8948	1572

## *Styringsorgan*

Representantskapen avvikla 3 møter og styret 5 møter dette året.

I 2015 er det valår og skifte av tillitsvalde. Valet av leiar og nestleiar i representantskapen og nytt styre, vart gjennomført 25 november.

Representantskapens sine medlemar er før valet: Jostein O. Mo – leiar, Dan Bjørneset – nestleiar, Arne Oddmund Torvik, Astrid Gjersdal, Rebecca Christina Riise, Rigmor Vartdal, Johan Bertil Vartdal og Kari Aamaas.

Etter valet får ein slik samansetning: Jan Henning Egset - leiar, Aslaug Marit Øyehaug - nestleiar, Jostein O. Mo, Toril Hasfjord Bjørneset, Pauline Vartdal Vinjevoll, Hild Våge, Bjørn Helset og Arne Torvik.

Styret sine medlemer er før valet: Ann Britt Våge Fannemel – leiar, Jon Helge Bjørndal - nestleiar, Pauline Vinjevoll, Jan Henning Egset og Ove Myklebust (tilsette representant)

Etter valet får ein slik samansetning: Jon Helge Bjørndal– leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Helge Standal, Anne Ellingsen og Ove Myklebust (tilsette representant)

## **INNSAMLING OG GJENVINNING.**

Innsamling og avsetning av avfall går som normalt i 2015. Attvinningsgraden er 99 %. Dette fordelar seg på 60 % energiattvinning og 39 % materialattvinning. 0,6 % går til deponi og er ikkje brennbare fraksjonar som eternit og byggisolasjon.

Samla sett har vi ein nedgang i avfallsmengdene i 2015. Mengdene innsamla med bilane, hageavfall og slam går ned. Det som aukar er leveringane direkte til miljøstasjonen som trevirke og grovavfall i tillegg av farleg avfall.

Nedanfor er ein tabell som syner utviklinga i avfallsmengder siste fem åra.

<b>Avgiftsmengder i tonn</b>	2011	2012	2013	2014	2015
Papir / papp	1.185	1.053	1.091	1.073	982
Plast	32	30	33	74	105
Glas og metall	218	141	169	196	204
Farleg avfall	128	108	250	225	247
E.E. avfall	232	204	235	220	223
Hageavfall	Ca 2.000	Ca 2.000	1.750	1.049	1002
Grov restavfall	554	579	619	654	707
Trevirke	201	224	252	297	348
Slam		774	116	545	135
Hushaldningsavfall	3.632	3.597	3.524	3.484	3.366
SUM	8.182	8.710	8.039	7.817	7.319

### **Gjenvinning**

Det er eit mål å auke materialgjenvinninga slik at det kan lagast nye råvarer. Reine fraksjonar er ein føresetnad for gjenvinning, og det har abonnentar og VØR eit felles ansvar for å få til. Materialgjenvinninga gjekk ned 3 % i 2015. Hovudgrunnen er mindre slam som via kompostering til jord vert rekna som materialgjenvinning.

### **Papp, papir og drikkekartong.**

Innsamla kvantum frå hushaldningane går litt ned også i 2015. Vi har sett ei fallande kurve heilt frå 2008. Salet av papirviser minkar og det syner att også hos oss.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avispapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

### **Glas og metallemballasje**

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull (glava) Metallet går til nytt metall. Innsamla mengder glas har gått opp siste tre åra, og vi håper på enda meir vekst når vi no startar opp med innsamling i heimane i 2016. Vi meiner at der er meir enn 50 % meir både glas og metallemballasje ute hos abonnentane, enn det vi får inn. Metallet som derimot går til forbrenning saman med hushaldningsavfallet, skaper problem i forbrenninga og er lite eigna til gjenvinning etterpå.

### **Plast**

Plast går til Swerec AB ved Borås i Sverige for attvinning via Grønt Punkt Norge AS som er vår avtalepart. Moderne sorteringsteknologi gir ei gjenvinningsgrad på rein og tørr hushaldningsplast på opp mot 80 %.

Etter at vi fekk levert ut returplastsekkar til alle i 2014, har plastmengdene auka, sjølv om det er eit godt stykke att før vi når opp i dei mengdene som t.d Nordfjord har på 11 kg pr innbyggjar. VØR har 5,2 kg plast pr innbyggjar i 2015.

Vi håper at omlegginga til 14 dagers innsamling av restavfallet frå 2016, vil gi oss dei etterlengta mengdene med hushaldningsplast.

### **Farleg avfall.**

I disse tala ligg som før rapportering både frå Retura og VØR. Frå november 2015 fekk Retura eigen konsesjon. Frå 2016 vil rapporteringa derfor syne berre VØR sine mengder, og det vil venteleg redusere mengdene farleg avfall frå 2015 nivået.

VØR har som før mottaksplikt av farleg avfall frå næringsverksemder med mengder inntil 1000 kg.

Mengda av innsamla farleg avfall har auka mykje sidan 2012. Det har to forklaringar. Den eine er at Klif har utvida talet fraksjonar som vert rekna som farleg avfall. Den andre er at VØR innførte gratis levering for private for alle fraksjonar som er klassifisert som farleg avfall frå og med 2013. Dermed vart t.d. eternit med asbest i og impregnert tremateriale gratis å levere. Disse to fraksjonane står for 120 tonn farleg avfall i 2015.

Det er positivt at fleire og fleire er merksame på at farleg avfall må skiljast ut og handterast som eigen fraksjon og ikkje minst at dei tar konsekvensen av det å leverar det til VØR og dermed godkjend slutthandsaming. Utfordingane er på dei små farleg avfall fraksjonane. Der må vi sette inn nye tiltak.

Vi har som før 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottakslass for mindre typar elektroavfall.

#### ***Slam.***

2015 er det ikkje ordinær innsamlingsrunde av slam. Den kjem igjen i 2016. I 2015 hadde vi tøming berre av tette tankar og kommunale fellestankar. Totalt 135 tonn.

Alt slam er vidarelevert til Vestnes Renovasjon AS eller til Miljøservice AS sitt anlegg på Nordfjordeid, der det vert produsert jord av slammet.

#### ***Elektrisk Elektronisk avfall.***

Innbyggjarane leverte om lag det same med E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2015 i høve 2014. Innsamla mengder har VØR vidarelevert til returselskapet ERP Norge AS. Her blir EE avfallet miljøsanert og sendt vidare til gjenvinning.

#### ***Hageavfall.***

Reint hageavfall vert umiddelbart etter kværning levert som strukturmaterialer til Miljøservice AS sitt komposteringasanlegg for kloakkslam på Eid. Etter bruk i komposteringa, vert råproduktet vidarelevert veganlegg eller til Grøn Vekst AS som produserer blomsterjord og torvtak av sluttproduktet.

Anlegget på Eid stengde ned i løpet av 2015, så vi må finne anna avsetning i 2016.

#### ***Blanda avfall frå hushaldningane.***

Mengdene restavfall syner ein nedgang i 2015, og det er ei vilja utvikling. Restavfallet blir levert til energigjenvinning via HRR Miljø AS på Hamar. Dei har i 2015 brukt Tafjord Kraftvarme AS som sitt mottaksanlegg.

#### ***Drift***

Drifta i innsamling og miljøstasjon er prega av stabilitet. Bygderyddinga og utlevering av returplastekkar vart også arrangert etter tradisjonelt mønster.

Administrativt er derimot året prega av fleire omleggingar i samband med 14 dagers innsamlinga som starta i 2016 og samtidig innføring av frivillig ordning for glas og metallinnsamling. Vi hadde bestillingsfrist for abonnentane midt i oktober og fekk levert ut 1900 behaldarar før årsskiftet. Vi fekk vidare bytta om lag 200 papir og restavfallsbehaldarar for dei som vil endre abonnementa sine før omlegginga til 14 dagers innsamling ved årsskiftet. Inklusiv perioden etter nyttår har talet på storhushaldsabonnement auka med 145 abonnement. Vidare har 550 abonnentar auka storleiken på papirbehaldar frå 140 L til 240 L.

Arbeidet med å gjennomføre nye forskrifter for fritidshus tok også mykje tid, men der kom vi ikkje i mål. Dette tar vi sikt på å ha ferdigstilt i løpet av 2016, slik at ordningane er på plass frå årsskiftet 2016/17.

### ***Informasjonsarbeid 2015.***

Informasjonsinnsatsen er styrka i 2015. Først på året hadde vi ein prosjektmedarbeidar som arbeida mykje med brosjyrar. Parallelt gjennomførte vi ein konkurranse om ny heimeside, som var på plass frå ferien. I august fekk vi på plass ein fast tilsett kommunikasjonsansvarleg med røynsle frå media.

Resultatet er at VØR meir enn i tidligare år er synlege med brosjyrer, i lokal- og regionalmedia, på facebook og på eigen heimeside. Den relativt smertefrie overgangen til 14 dagers innsamling ved årsskiftet 2015/16 meiner vi skuldast god informasjon i forkant.

Vi har tru på at god kommunikasjon etter kvart også vil auke materialgjenvinninga.

### ***ÅRIM, SSR og VØR***

Eit utvida samarbeid mellom dei tre interkommunale selskapa på Sunnmøre utviklar seg. Vi har hatt fleire møter på leiarnivå og eit felles styreseminar. I spørsmålet om utgreiing av biogass anlegg, samarbeidar vi særskilt tett med Årim.

Administrativt er der og eit godt og systematisk samarbeid innan kommunikasjon og der er etablert eit brukarforum for KomTek brukarane.

### ***Biogass***

Styret vedtok å be om ei utgreiing om det er råd å etablere eit biogass anlegg på Melsgjerdet. Målet er å levere ein forprosjektrapport første halvår 2016. Dette arbeidet er ein godt i gang med.

I dette arbeidet har vi hatt godt samarbeid og fagleg hjelp frå ÅRIM, Tussa og SSR. Å etablere eit biogassanlegg kan sikre oss rimelege leveringsvilkår og lokal handsaming av matavfallet i åra framover. Men det er teknologisk utfordrande og det vil krevje at minst dei tre renovasjonsselskapa på Sunnmøre går saman om å etablere eit anlegg, i samarbeid med landbruksområdet som må ta imot生物resten.

### ***Eigarskap i andre selskap.***

VØR har eigarskap i andre selskap der ein oppnår auka kompetanse, god ressursutnytting og styrkt driftsresultat. Oppgåver i tråd med § 4 i selskapsavtalen.

Rekom AS: Vi har 30 aksjar. (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan sal av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. I 2015 vert trevirke og papp/ papir mekla via Rekom.

Retura Norge AS: Vi har 77 aksjar (0,64% eigarskap) Firmaet driv med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall, innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap.

Retura Søre Sunnmøre AS ( RSS): Vi har 50 aksjar og 100% eigarskap. Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall for næringslivet i Volda og Ørsta. Selskapet har ei omsetning i 2015 på om lag 20,5 mill kr og 7 tilsette. Selskapet er ein lokal totalleverandør av avfallstenester for næringslivet. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda.

Drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS då vi saman oppnår god utnytting av felles bygningsmasse, utstyr og personalressursar.

Fefast AS. Vi eig 15 aksjar ( 16,13 % eigarskap). Dette er eit selskap som arbeidar for bru mellom Festøy og Solavågen.

#### ***Personale, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.***

VØR har ved utgangen av året 15 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2015 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder for å kartlegge arbeidsmiljøet og avdekke eventuelle avvik. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra. Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert.

Vi har eigen Sikkerheitsrådgivar til desember 2015. Frå 2016 leiger vi denne tenesten med Hans Ivar Langvatn.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nytilsettingar. Av våre tilsette ved årsskiftet, er 4 kvinner.

VØR hadde 1,6 % eigenmeldt fråvær inklusiv fråvær på grunn av barns sjukdom (< 3 dagar) og 4,8 % legemeldt sjukefråvær. Totalt eit sjukefråvær på 6,4 %. Fire langtidssjukemelde står for meir enn 70 % av fråværet. Vi har ikkje sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2015.

Vi har ikkje registrert tilfeller av ureining til det ytre miljø i 2015 utover det som er vanleg i vår bransje.

#### ***Representasjon / synfaringar.***

Gunn Velle, Anne Mette Farstad, Edle Holmin og Petter Bjørdal representerte VØR på årsmøtet til Møre og Romsdal Avfallsforum i mars, der Anne Mette Farstad sit i styret.

Ann Britt Våge Fannemel og Petter Bjørdal deltok på studietur til Holland og Tyskland i mai får å sjå på sortering av plastemballasje, nedgravde løysingar i by og mobile miljøstasjonar i regi av Avfallsforum Møre og Romsdal

Petter Bjørdal representerte VØR på eigarmøte og generalforsamling i REKOM AS i mai.

Ann Britt Våge Fannemel, Jan Henning Egset, Petter Sandvik og Petter Bjørdal representerte VØR på den nasjonale Avfallskonferansen på Gardermoen i juni.

Ann Britt Våge Fannemel representerte VØR på generalforsamlinga til Fefast i juni.

Petter Bjørdal deltok på den nasjonale farleg avfallskonferansen på Hamar i september.

Gunn Velle og Hege Welle Aam deltok på " Fagdagar for forvaltningsystemet KomTek "i november.

Petter Sandvik deltok på studietur til Norsk Glasgjenvinning i Fredrikstad i november.

Petter Sandvik og Petter Bjørdal deltok på samling om biogass i regi av Møre og Romsdal Fylkeskommune i desember i Molde.

Petter Bjørdal representerte VØR på ekstraordinært eigarmøte i Retura Norge AS i desember.

## **RAMMEVILKÅR.**

### *Konsesjon og forskrifter*

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97.

VØR etterlever vilkåra.

### *Slamhandsaming i Alida.*

VØR mellomlagra avvatna slam i Alida til og med 2012. Det er utført noko avslutningsarbeid i 2015, resten vert utført i 2016.

## **ØKONOMI.**

### *Sjølvkostrekneskap renovasjon*

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr. VØR sette ned renovasjonsgebyra i 2008-09-10 og 11. Gebyra er uendra i -11, -12 , -13, -14 og 15. I 2016 er gebyra på nyt reduserte. Dette for å auke tilbakeføringa av tidligare års overskot til abonnentane.

### *Årsresultatet*

Årsresultatet for drifta syner eit underskot på hushaldningsrenovasjon på kr 958.306,- som vert dekt av bunde fond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit underskot på slam på kr 347.678,-. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene vert ført i partalsår, ( det året tøminga vert utført) medan ein del av kostnadene er like frå år til år.

Årsresultatet syner eit overskot på 1.056.485,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.

Resultatrekneskapen viser totalt sett eit samla underskot på kr 256.165,-

Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjelpt oss også i 2015. Styret meiner at føresetnaden for fortsett drift er tilstade.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2015, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 04.04.2016

*Jon Helge Bjørndal*

Jon Helge Bjørndal  
Styreleiar

*Helge Standal*

Helge Standal

*Ove Myklebust*

Ove Myklebust  
tilsette sin representant

*Ann Britt Våge Fannemel*

Ann Britt Våge Fannemel  
Nestleiar

*Anne Ellingsen*

Anne Ellingsen

*Petter Bjørndal*

Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**

**RESULTATREKNESKAP 2015**

	Note	2015	2014
--	------	------	------

**DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER**

**Driftsinntekter**

Salsinntekt	24 046 436	25 837 277
Annan driftsinntekt	91 508	262 294
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>24 137 944</b>	<b>26 099 571</b>

**Driftskostnader**

Behaldningsendring sekkar	2 080	46 938
Utbetaling til sjølvstendig næringsdrivande		
Lønnskostnad	2 8 762 636	8 665 923
Avskrivning	3 3 171 504	3 181 978
Annan driftskostnad	12 447 414	13 377 711
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>24 383 634</b>	<b>25 272 550</b>

<b>Driftsresultat</b>	<b>-245 690</b>	<b>827 021</b>
-----------------------	-----------------	----------------

**FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER**

Finansinntekt	542 179	1 494 908
Annan finanskostnad	289 701	491 295
<b>Sum netto finanspostar</b>	<b>252 478</b>	<b>1 003 613</b>

<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>6 788</b>	<b>1 830 634</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	7 262 953	195 343
<b>Ordinært resultat</b>	<b>-256 165</b>	<b>1 635 291</b>

<b>Arsresultat</b>	<b>-256 165</b>	<b>1 635 291</b>
--------------------	-----------------	------------------

**Årsoppgjersdisposisjonar**

Frå fond til etterdriftstiltak deponi	6 666	18 013
Frå fond slam	347 678	-530 056
Frå fond hushaldning	958 306	650 433
Overført annan EK	-1 056 485	-1 773 681
<b>Sum disponert</b>	<b>256 165</b>	<b>-1 635 291</b>

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**

**BALANSE PR. 31.12.15**

Note	2015	2014
------	------	------

**EIGEDELAR**

**Anleggsmidlar**

**Varige driftsmidlar**

Immaterielle egedelar	226 800	
Tomter, bygningar og annan fast egedom	3 14 042 880	15 365 659
Driftslausøyre, inventar, verktøy,	3 5 986 175	<u>6 871 069</u>
kontormaskiner og liknande		
<b>Sum varige driftsmidlar</b>	<u>20 255 855</u>	<u>22 236 728</u>

**Finansielle anleggsmidlar**

Investeringar i aksjar og andelar	1 243 637	1 210 815
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>	<u>1 243 637</u>	<u>1 210 815</u>
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<u>21 499 492</u>	<u>23 447 543</u>

**Omlaupsmidlar**

**Varer**

Varelager	81 471	84 249
<b>Sum varer</b>	<u>81 471</u>	<u>84 249</u>

**Fordringar**

Kundefordringar	1 033 391	3 562 089
Andre fordringar	563 729	722 949
<b>Sum fordringar</b>	<u>1 597 120</u>	<u>4 285 038</u>

**Bankinnskot, kontantar og liknande**

<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>	4 16 381 958	15 548 107
	<u>16 381 958</u>	<u>15 548 107</u>

**Sum omlaupsmidlar**

<b>Sum omlaupsmidlar</b>	<u>18 060 549</u>	<u>19 917 394</u>
--------------------------	-------------------	-------------------

<b>SUM EIGEDELAR</b>	<u>39 560 041</u>	<u>43 364 937</u>
----------------------	-------------------	-------------------

2015

2 014

**EIGENKAPITAL OG GJELD****EIGENKAPITAL****Opptent eigenkapital**

Fond for etterdriftstiltak deponi	724 048	730 714
Fond for slamhandsaming	244 422	592 100
Fond for hushaldning	5 789 980	6 748 286
Annan eigenkapital	11 601 893	10 545 408
<b>Sum oppent eigenkapital</b>	<b>18 360 343</b>	<b>18 616 508</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>18 360 343</b>	<b>18 616 508</b>

**GJELD****Avsetning for forpliktelsar**

Utsett skatt	7 138	49 275
<b>Sum avsetning for forpliktelsar</b>	<b>7 138</b>	<b>49 275</b>

**Annan langsiktig gjeld**

Gjeld til kreditinstitusjonar	5	17 778 524	21 008 072
<b>Sum annan langsiktig gjeld</b>		<b>17 778 524</b>	<b>21 008 072</b>

**Sum langsiktig gjeld****17 778 524****21 008 072****Kortsiktig gjeld**

Leverandørgjeld	1 099 189	1 654 954
Betalbar skatt	305 090	229 253
Skyldige offentlege avgifter	377 224	361 968
Annan kortsiktig gjeld	1 632 533	1 444 907
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>3 414 036</b>	<b>3 691 082</b>

**Sum gjeld****21 199 698****24 748 429****SUM EIGENKAPITAL OG GJELD****39 560 041****43 364 937**

Hovdebygda 04.04.16

*John Helge Bjørndal*

John Helge Bjørndal  
Styreleiar

*Ann Britt Våge Fannemel*

Ann Britt Våge Fannemel  
Nestleiar i styret

*Anne Ellingsen*

Anne Ellingsen  
Styremedlem

*Helge Standal*

Helge Standal  
Styremedlem

*Ove Myklebust*

Ove Myklebust  
Tilsettterepresentant

*Petter Bjørndal*

Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

## NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2015

### Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

### Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

	2015	2014
Løner	6 420 780	6 172 340
Folketrygdavgift	1 053 841	1 051 835
Pensjonskostnader	730 469	1 027 209
Andre lønskostnader	557 546	414 539
<b>Sum lønskostnader</b>	<b>8 762 636</b>	<b>8 665 923</b>

Det har vore 15 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2015

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	763 794	251 731
Pensjonspremie		
Anna godtgjersle	14 476	

### Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året: kr. 685.707

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2015 utgjer kr. 14.220

### Note 3 Varige driftsmiddel

Kostpris 01.01.15	59 274 382
Tilgang	1 190 631
Avgang	
Kostpris 31.12.15	60 465 014
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.15	39 300 872
Balanseførte verdiar 31.12.15	20 255 855
Ordinære avskrivningar i året	3 171 504

**Note 4      Bundne midlar**

Posten inneholdt bundne bankinnskot med kr. 377.224

**Note 5      Pantsetjingar og garantiar**

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 17.778.524 er sikra med garantiar frå eigarane.

**Note 6      Eigenkapitalinnskot KLP**

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmene vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2015 er det betalt kr. 32.822 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 369.137

**Note 7      Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda****Årets skattekostnad****Resultatført skatt på ordinært resultat:**

Betalbar skatt	305 090
Endring i utsatt skatt	-42 137
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>262 953</b>

**Betalbar skatt i årets skattekostnad:**

Ordinært resultat før skatt	1 312 776
Permanente forskjellar	-337 716
Grunnlag for årets skattekostnad	975 060
Endring i midlertidige forskjellar	154 903
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	1 129 963
<b>Skattepliktig overskot</b>	<b>1 129 963</b>

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	305 090
<b>Sum betalbar skatt ordinært resultat</b>	<b>305 090</b>

**Betalbar skatt i balansen:**

Betalbar skatt på årets resultat	305 090
<b>Sum betalbar skatt i balansen</b>	<b>305 090</b>

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til  
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA



## REVISJONSMELDING 2015

### Uttalelse om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2015 med notar som beskriver nyttårekneskapssprinsipp og andre relevante opplysningar.  
Resultatrekneskapen viser eit underskot på kr 256.165,-.

#### *Styret sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med reknesakslova sine reglar og god regnskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleger eller feil.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i misleger eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for feil. Formålet er å utforme selskapet sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er også å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikke for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av den interne kontroll. Revisjonen omfatter og ei vurdering av om dei nyttårekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om reknesaksestimata som er utarbeida er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## Konklusjon

Etter vår mening er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2015, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoен som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

## Uttalelser om andre forhold

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 21/3-2016

  
Halldis Moltu

-reg. revisor-

## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSkapET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 12.04.15 på Miljøstasjonen.  
Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl. 18.00.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Aslaug Marit Øyehaug, Jostein O. Mo, Pauline Vartdal Vinjevoll, Hild Våge og Frida Gilberg, Bjørn Helset melde forfall, og for han møtte vara Frida Gilberg. Toril Hasfjord Bjørneset møtte ikkje,  
Styreleiar Jon Helge Bjørndal melde lovleg forfall, og for han møtte nestleiar i styret Ann Britt Våge Fannemel. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.  
Leiar Jan Henning Egset leia møtet.  
Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Frida Gilberg og Jostein O. Mo vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.  
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Repskapen ynskjer sidenummerering og sortering etter sak ved seinare utending av sakene.

### **Rep.sak 01-16: Resultat mot budsjett 2015.**

Vedtak 8 røysteføre:

Representantskapen tar orienteringa om resultat 2015 mot budsjett 2015 til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

### **Rep.sak 02-16: Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2015.**

Vedtak 8 røysteføre:

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret. Til saka låg det vd særutskrift frå styresak 11-16. Årsmelding og rekneskap 2015 med revisormelding. Protokollar frå styret frå juni 2015 til april 2016.

### **Repsak 03-16 Dagleg leiar sin rapport**

Vedtak 8 røysteføre:

Representantskapen tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Saka vart tatt først i møtet. Repskapen ber om at det vert orientert fast om framdrifta på Melsgjerdet i møta heretter.

### **Repsak 04-16 Økonomiplan 2017-2021**

Vedtak 8 røysteføre:

Representantskapen opprettheld 60 % målet om materialgjenvinning innan 2020. For å støtte opp om dette målet prioritærar representantskapen slike investeringar:

2017:

Rest investeringar i grunn Melsgjerdet, bygningar, sorteringsplate hageavfall og yttergjerde Kr 7.000'

Inntil 2 mill i kjøp av behaldarar for matavfall og glas og metall  
Inntil 1,0 mill i containerar og relevant utstyr for hytterenovasjon

2018:

Inntil 1,0 mill i henteordning for farleg avfall.

Inntil 2,0 mill i overbygging av sorteringsplate for hageavfall.

Inntil 1,0 mill i utstyr for å utvide sorteringstilboda på Miljøstasjonen. Nærare vurdering vert å legge fram for styret.

2019:

Inntil 4 mill kr i om og påbygging av administrasjonsbygget i Hovdebygda.

Representantskapen føreset at bilar, hjullastarar, kværner og anna sorterings og innsamlingsutstyr, vert leasa for å redusere den totale lånemengda. Ved auka låneramme vert dette å vurdere ved neste rullering av økonomiplan.

Eventuelt biogassanlegg vert å vurdere når resultatet av forprosjektet ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### Repsak 05-16 Referatsaker

Vedtak 8 røysteføre:

Representantskapen tar referatsakene til orientering


Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Saka vart tatt før sak 4-16 i møtet.


Denne referatsaka vart lagt fram på møtet:

- Særutskrift frå Styresak 12-16 Prøveordning med innsamling av matavfall i 2017.
- Årshjulet 2016. Repskapsmøte 18 oktober må flyttast fram eller ut ei veke.


Rett utskrift 12.04.16

  
Jan Henning Egset  
Leiar

Frida Gilberg

  
Petter Bjørdal  
referent

  
Frida Gilberg

  
Jostein O. Mo